



Advokatfirmaet Vikse AS  
Postboks 95  
3101 TØNSBERG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 19/1167 - 19/12494

Saksbehandlar:  
Hanne Marie Evensen  
hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

Dato:  
04.06.2019

## Godkjenning - GBNR 23/509 - Oppretting av ny grunneigedom - Løypetona

**Administrativt vedtak. Saknr: 124/2019**


**Tiltakshavar:**

**Søknadstype:** Søknad om oppretting av ny grunneigedom, jf. plan- og bygningslova (pbl)  
§ 26-1, jf. §§ 20-1 bokstav m og 20-2, jf. § 20-4 bokstav d.

### SAKSUTGREIING:

#### Tiltak

Advokatfirmaet Vikse har på vegne av grunneigar, JM Norge AS, søkt om løyve til deling av gbnr. 23/509. Gbnr. 23/509 er satt av til bustadbygging i Reguleringsplan for Løypetona bustadområde, planid: 125620070001. Det er søkt om løyve til deling av den delen av eigedomen som det er gitt løyve til oppføring av bustadblokk 2 på.



Det vert elles vist til søknad motteken 16.05.2019.

### Sakshandsamingsfrist

Saka var komplett og klar for handsaming den 16.05.2019 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (tbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker fra denne dato.

#### **VURDERING:**

##### **Nabovarsel**

Søknad om oppføring av bustadblokk 2 vart nabovarsla, medan sjølve delinga har ikkje vore nabovarsla. Kommunen vurderer det slik at delinga ikkje får betydning for naboar sine interesser, og krev difor ikkje nabovarsling, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

##### **Lov- og plangrunnlag**

Opprettig av ny grunneigedom er «*tiltak*» etter pbl § 1-6, og er søknadspliktig etter pbl §§ 20-4, jf. 20-2, jf. 20-1 bokstav m). Vidare følgjer det av pbl § 26-1 at «*[o]pprettelse av ny grunneiendom (...), eller endring av eksisterende eiendomsgrenser, må ikke gjøres på en slik måte at det oppstår forhold som strider mot denne lov, forskrift eller plan.*»

Den omsøkte eigedomen er regulert til bustadformål i nemnde reguleringsplan. Deling som omsøkt er dermed ikkje i strid med gjeldande arealformål, jf. § 26-1.

##### **Tilknyting til infrastruktur**

Eigedomen har sikra veg, vatn og avlaup i samsvar med pbl §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

#### **VEDTAK:**

«*Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-1 bokstav m) løyve til deling av gbnr. 23/509 i hendhold til søknad og vedlagt situasjonskart.*

*Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på areala vert fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.*

*Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.»*

\*\*\*\*\*

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker fra melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

#### **Gebyr**

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltingsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3,28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar, byggesaksansvarleg

Hanne Marie Evensen  
Juridisk rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

**Kopi til:**

Jm Norge AS    Postboks 453                                  1327    LYSAKER

**Mottakarar:**

Advokatfirmaet Vikse AS                                  Postboks 95                                  3101    TØNSBERG